

**REFERAT - KOMMUNEREFORM****Møte på kommunehuset Smia**

02.11.2017 kl. 10:00

Til stades:

Rune Sjurgard Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland Rådmann

Hovudtillitsvalgt Fagforbundet Volda, Oddbjørg Yksnøy Rangseter

Hovudtillitsvalgt Utdanningsforbundet, Idar Holen

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven (referent)

Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
1. Gjennomgang av referat frå siste møte	
Referent Joakim Rødven gjekk raskt gjennom referatet frå sist møte. Ingen merknadar.	

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
2. Budsjettforslag nye Volda - drøfting	
Prosjektleder Rune Sjurgard la fram eit budsjettforslag for Nye Volda (sjå vedlegg 1). Forslaget vart drøfta og det er semje om at det er behov for å setje av midlar til periodisering og avlevering av arkiv. Dette vert forelått innarbeidd i forslaget. Vidare vil det truleg verte behov for meir ressursar til etablering av fiber mellom Grodås og Volda. Det vert innarbeidd ein styrke utover dei midlane som det er gitt tilsagn om frå staten.	KMS/IJJ
Sjurgard la også til at den nye kommunen vil også få eit tilskot på fem millionar kroner i 2020 i samband med samanslåinga.	
I tillegg til at Fellesnemnda skal gi uttale på dette budsjettet, utfordra også prosjektledaren dei tillitsvalde om å kome med ei uttale. Dette på grunn av at nokre av budsjettpostane er relevante for dei tillitsvalde sitt vidare arbeid med kommunesamanslåinga (t.d. frikjøp).	HTV (H+V)

Aktivitet 3. Saker til fellesnemnda 16. november	Ansvarleg oppfølging
<ul style="list-style-type: none"> • Førebuing av høyrings sak i fellesnemnda – budsjetta til kommunane. Det kan verte aktuelt å føre dette opp som ei orienteringssak i denne omgang, og deretter ha ei eiga sak på dette i eit desember-møte. • Nye næringar på gamle tufter – Asbjørn Moltudal skriv ei sak på dette. • Satsingar nye Volda kommune – Vedta endelege satsingsområde, etter at dei tre føreslegne satsingsområda har vore ute til høyring. • Orientering Heraldikk – Leiar for temakomiteen for heraldikk og nytt kommunenamn, Jon Tvinnereim, kjem for å halde ei orientering. • Godtgjerslereglement – Ein ser behov for å ha klare retningslinjer for møtegodtgjersle. Spesielt i neste fase av kommunesamanslåinga vil eit reglement for slik godtgjersle vere nyttig av prinsipielle årsaker. • Grensejustering – uttale til prosessen i Kjøs. 	<p style="text-align: center;">RS/KMS</p> <p style="text-align: center;">AM</p> <p style="text-align: center;">RS</p> <p style="text-align: center;">JT</p> <p style="text-align: center;">AKL</p> <p style="text-align: center;">Fellesnemnd</p>

Aktivitet 4. Heraldikkprosessen	Ansvarleg oppfølging
<p>På grunn av at nokre av medlemmene i nemnda gjorde seg ugild, har det teke litt lenger tid enn først venta i denne prosessen.</p> <p>Det har også blitt litt usemje i heraldikknemnda, ettersom det først vart lagt fram eit samrøysta forslag, før det vart lagt fram eit nytt forslag som har fått eit lite fleirtal i nemnda.</p> <p>Leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, har føreslått følgjande framdriftsplan på det vidare arbeidet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Heraldikknemnda v/leiar orienterar Fellesnemnda 16.november. Det vil då vere naturleg at nemnda legg fram dei 7-10 mest aktuelle alternativa som har blitt vurdert, i tillegg til ei grunngjeving frå både mindretalet og fleirtalet på valte alternativ. 2. Heraldikknemnda rådfører seg med ein heraldisk fagperson (t.d. gjennom Norsk Heraldisk Foreining) om alternativa ligg innanfor det ein må kunne forvente vert godkjent av Riksarkivet. 3. X antal alternativ vert lagt fram for dei to respektive kommunestyra. 4. Fellesnemnda gjer endeleg vedtak i saka. 5. Pengane vert betalt ut til vinnaren 	<p style="text-align: center;">Heraldikknemnd</p>

<p>Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven har vore i kontakt med Norsk Heraldisk Foreining, som har gitt si profesjonelle vurdering av dei to kandidatane. Desse vurderingane er oversende til Heraldikknamna. Heraldikknemnda sine vurderingar og forslag vert å bli presentert for Fellesnemnda 16. november.</p>	
--	--

Aktivitet 5. Sakene med utgreiing av grensejustering	Ansvarleg oppfølging
<p>Hornindal og Volda kommunar har to potensielle grensejusteringar som er i kjømda i samband med kommunesamanslåinga; Kjøs i Hornindal og Bjørke i Ørsta.</p> <p><u>Kjøs:</u> Ann Kristin Langeland fortel at dette er ein utfordrande situasjon, der det er ulike syn av på kvar ei eventuell grensejustering i krinsen skal gå. Styringsgruppa drøfta at Fellesnemnda bør kome med ei uttale rundt situasjonen.</p> <p><u>Bjørke:</u> Fylkesmannen i Møre og Romsdal har starta med arbeidet, og vil truleg kome med ei innstilling til påsketider 2018. Innan då vil det bli samla inn relevant informasjon, utført ringerundar, etc.</p> <p>Stig Olav Lødemel, Jørgen Amdam, Asbjørn Moltudal, mfl. var også til stades på eit informasjonsmøte med Fylkesmannen i Molde onsdag 1. november. Der vart fleire tema rundt ei eventuell grensejustering tekne opp. Det vert å lage ei sak på dette som går ut på høyring.</p>	<p>AKL</p> <p>RS</p>

Aktivitet 6. Status elles i samanslåingsprosessen	Ansvarleg oppfølging
<p>Ann Kristin Langeland orienterte kort om at Hornindal kommune har gjennomført eit forenkla SWOT-analyse med leiarane og dei hovudtillitsvalde. Langeland syntest dette gjekk veldig fint, og at ein såg at det vart hovudsakleg dei same problemstillingane som kom fram i denne analysen. Personalsjef Liv Oddrun Ytrebø jobbar med å samanfatta dette til ein rapport/oppsummering.</p> <p>Elles vart det teke opp at ein no er i ferd med å starte på fase to av samanslåinga (planleggingsfasen) må ein rekne med at prosessen vil halde høg fart. Ei stor utfordring då vil verte å ha nok kapasitet.</p>	<p>LOY</p>

Aktivitet 7. Eventuelt	Ansvarleg oppfølging
<ul style="list-style-type: none"> • Tilsettingsprosess – Dei to kommunane skal drivast individuelt samtidig som det skal byggast ny. Dette må handterast etter dei spelereglane som gjeld, jf. omstillingsavtalar. Det vart løfta fram eit forslag om «Nye Volda» kunne opprette eit omstillingsutval. Dette utvalet vil då gå gjennom alle ledige stillingar framover og gjere ei vurdering på desse stillingane. • Prosessen med å danne den nye administrative hovudstrukturen startar opp 23. november. Det vil bli lagt opp til fire samlingar saman med rådmennenes leiarteam (og den eine samlinga med alle leiarane). Målet er å ha klart denne organiseringa i mars 2018. • Frikjøp – Ein må sjå på løysingar for frikjøp for dei som ikkje har heiltidsfrikjøpsavtale i Hornindal. Eit forslag kan vere å ha ein fast frikjøpsdag. Dette vil derimot utløyse eit vikarbehov. Ein må finne plass til dette i Fellesnemnda sitt budsjett. Personalsjefane gir forslag til Kari Mette Sundgot innan neste veke. • Møte med Fylkesrådmennene – Rune Sjugard har vore i kontakt med Fylkesrådmann i Møre og Romsdal, som var positiv til eit fellesmøte med rådmennene og fylkeskommunen. Ann Kristin gjer avklaring med fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane. Deretter tek ein sikte på å få til eit felles møte med fylkesrådmennene for å drøfte m.a vidaregåande skule, samferdsel/kollektiv, regional utvikling og tilskotsordningar (m.a Svor-museet på Grodås) Dette kan avviklast ein gong etter nyttår. 	<p style="text-align: center;">RS</p> <p style="text-align: center;">Personalsjefar</p> <p style="text-align: center;">RS/AKL</p>

Møtet slutt kl. 11:52

Grodås, 02.11 2017



Joakim Rødven

Kommunikasjonsrådgjevar

Samfunn og Rådgjeving

Tlf 482 29 993

www.volda.kommune.no

VEDLEGG 1)

Budsjettforslag Nye Volda

	2017	2018	2019
Inntekter			
Tilskot fylkesmann	- 1 976 035	- 1 000 000	- 1 000 000
Eingongstilskot	- 20 500 000		
Tilskot Infrastruktur	- 4 000 000		
Utgifter			
Kommunikasjonsrådgjevar	406 805	640 000	640 000
IKT digitalisering prosessleiar		800 000	800 000
Arkivstilling		640 000	640 000
Frikjøp HTV (begge kommuner)	266 667	400 000	400 000
Frikjøp fagressursar til utvikling av tenester		1 000 000	1 500 000
Andre lønnsutgifter (politisk, reiseutlegg ++)		200 000	200 000
Informasjon	200 000	200 000	200 000
Opplæring Kompetanseheving	50 000	750 000	2 500 000
Programvare og datakommunikasjon	25 000	100 000	100 000
Andre driftsutgifter	75 000	200 000	200 000
Kjøp av tenester	40 000	500 000	500 000
Heraldiknemnd	300 000		
Drift prosjektorganisering		200 000	200 000
Ekstraløyving til Kyrkjeleg Felle råd		200 000	200 000
Profilering		100 000	400 000
Infrastruktur		2 000 000	2 000 000
	- 25 112 563	6 930 000	9 480 000